

# HØYRINGSSVAR TIL «VÅR KOMMUNE, VÅR FRAMTID»

## Frå Radøy sokneråd

1. Me takkar for høvet til å uttala oss om kommuneplanen, og vil nytta høvet til å melda tilbake med nokre generelle synspunkt og til nokre av punkta i samfunnsdelen.
2. Det undrar oss at ikkje sokneråda og Kyrkjeleg fellesråd er inviterte inn i denne prosessen tidlegare enn no. Dei kyrkjelege råda er lovpålagde og offentlege organ, og samarbeidsarenaane mellom kyrkje og kommune er mange og mangfoldige. Kommunen har eit vesentleg økonomisk ansvar for drifta av kyrkja, og både kyrkje og kommune er her for å tena folk. Dei formelle banda er også synleggjort ved at kommunen har ein fast representant i Kyrkjeleg fellesråd. Kyrkja er altså ikkje å rekna som ein frivillig organisasjon.
3. Religion og livssyn har vore viktig for menneske til alle tider. Spørsmål som «kvar kjem me frå», «kvifor er me her» og «kva skjer når me døyr» har alltid oppteke menneske, og har vore styrande for korleis ein har innretta samfunnet. Religion generelt og kyrkja spesielt sprengjer altså grensene for kva som er kultur.
4. Vesentlege samfunnstenester som i dag er eit kommunalt ansvar, vart starta av kyrkja i vårt land. Det gjeld t.d. helsearbeid og skule som historisk sett er ektefødde born av kyrkja.
5. I vår tid og i vår kommune er kyrkja ei vesentleg ramme for livet til svært mange innbyggjarar. Mange vil på ulikt vis karakterisera det som ein overbygning over livet.
6. Difor vil det vera naturleg å gje kommuneplanen ein slik overbygning også. Det kan gjerast på tilsvarande vis som regjeringa gjer i Hurdalsplattforma, jfr.høyringssvar frå Kyrkjeleg fellesråd,
7. Ved å sjå på kommunen og kyrkja sine planar, vil me finna mange samanfallande punkt. Dette er eit viktig grunnlag for eit fruktbart samarbeid til beste for innbyggjarane. Føresetnaden er at ein ser på kvarandre som ressursar, noko som også må nedfellast skriftleg.
8. Plan for diakoni for Den norske kyrkja som vart vedteken i 2007, har fire søyler for arbeidet:
  - Nestekjærleik
  - Inkluderande fellesskap
  - Vern om skaparverket
  - Kamp for rettferd
9. Plan for diakoni vart revidert i 2020, og fekk to tilleggspunkt:
  - Arbeid med frivillege
  - FNs berekraftsmål
10. Underpunkta i pkt 8 og 9 finn lett sine parallellar i kommunale planar og arbeid. Dei same verdiane og til dels dei same orda finn me i pkt 2.3 i samfunnsdelen av høyringsutkastet.
11. Arbeid for å ta vare på klima og miljø har vore vesentleg for Den norske kyrkja lenge. Både før og etter at Kyrkjemøtet vart skipa som ordning i 1984 har

klima og miljø vore på sakskartet ved fleire høve, og lokalkyrkjelydar har hatt dette som ein naturleg del av arbeidet i årssyklusen sin. Dette gjeld også kyrkjelydane i Alver. Det ser me m.a. gjennom samarbeidet omkring NMS Gjenbruksbutikk i Knarvik.

12. Under pkt 4 i framlegget til kommuneplan, avsnittet «Rammer for arbeidet og viktige bakgrunnsdokument», saknar me dokument som direkte omhandlar kyrkje – religion – livssyn.
13. Før kommunesamanslåinga var det ein del som uttrykte skepsis pga det dei opplevde som tap av nærleik. Tilsvarande viktig er det at både kommune og kyrkje kjem dette i møte i form av nærvær gjennom kontorplassering, tilbod og møteplassar for folk. Her er ei sams utfordring som me kan møte både gjennom det samarbeidet som er etablert, og ved å hjelpe kvarandre på nye arenaer i respekt for eigenart og rammer.
14. Me ser fram til eit godt og fruktbart samarbeid vidare, både med kommuneplanen og arbeidet elles her i Alver.

Manger, den 14. februar, 2022

Radøy sokneråd, v/ leiar Gunnar Kartveit